

VEDLEGG 3 - KRAVSPESIFIKASJON

Vedlegg til konkurransegrunnlag på tema areal for havbruksnæring i rullering av arealplan på deltema.

Bakgrunn: Meland kommune skal rullere kommuneplanen sin arealdel på deltema. Eit av tema er **areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt areal for djupvasskai**. Kommunen ynskjer å ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale og vil legge inn areal for havbruksrelatert næring i kommuneplanen. Det skal og gjerast vurderinger på areal for djupvasskai i arealplanen.

Planprogrammet for arbeidet er vedteke.

Meland kommune ynskjer å få gjennomført følgjande med konsulenthjelp:

- Deler av grunnlaget for areal til formålet ligg i gjeldane kommuneplan. Det er lagt ut store kombinerte formål for fiske og friluftliv i gjeldane plan, men områda er ikkje definert for kva type bruk i forhold til fiske, friluft, ferdsel eller akvakultur. Konsulent må som ein del av oppdraget vurdere desse områda for akvakultur.
- I arbeidet skal det og vurderest eventuell utviding av eksisterande akvakulturområde
- Ut frå overordna analyse skal konsulent og vurdere om det er høve til å legge ut nye areal i sjø.
- Det skal vurderast vegtilkomst til areal for havbruk, dette skal kartleggast på overordna nivå.
- Areal på land knytt opp mot havbruk er og eit tema i planarbeidet, men vi ønsker primært å finne område knytt opp mot sjø som alt eksisterer som næring i dag. Planprogrammet opner for at det er ein mulighet dersom det skulle vise seg attraktive område i arbeidet med planen.
- Konsekvensutgreiing av akvakulturområde i sjø er ein del av oppdraget. Dette skal leverest i ein rapport som word dokument.
- Materiale skal leverast i SOSI- fil og bli ein del av kommuneplanen sin arealdel sitt plankart
- Konsulent skal utforme tekst til planbeskrivelsen til arealplankartet på tema akvakultur i word.
- Framdrift er ein viktig faktor i arbeidet, kommuneplanen sin arealdel skal vere vedteke innen 2019. Materiale frå konsulent må vere levert i 15 oktober 2018.